



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

## Protokoll frå møte i

### Askvoll sokneråd

---

**Tid:** Onsdag 13.05.2026 kl. 17:30-19:00

**Stad:** Møterom, Askvoll kyrkjekontor

#### Møtande medlemmer og varamedlemmer:

|                        |            |
|------------------------|------------|
| Wenche Ness Gabrielsen | Leiar      |
| Terje Mork             | Nestleiar  |
| Arnt Johny Langeland   | Medlem     |
| Lillian Gjervik        | Medlem     |
| Frida Melvær           | Medlem     |
| Synnøve Melvær         | Medlem     |
| Jarle Magnus Vilnes    | Medlem     |
| Ragnhild Stav          | Medlem     |
| Astri Thorsen Landøy   | Varamedlem |
| Karen Anny Espedal     | Varamedlem |

#### Møtande frå administrasjonen og andre møtande

|                     |             |
|---------------------|-------------|
| Rune Ziener         | Kyrkjeverje |
| Sabina Baylarbayova | Kantor      |

#### Forfall:

|                  |        |
|------------------|--------|
| Dag Erlend Grane | Medlem |
| Oddgun Grane     | Medlem |
| Gro Eikebø Stang | Medlem |
| Jostein Gryte    | Medlem |

#### Sakliste:

| Saksnr     | § | Sakstittel   | Sakshandsamar |
|------------|---|--|---------------|
| SR 2026/12 |   | Godkjenning av innkalling og dagsorden                       | Rune Ziener   |
| SR 2026/13 |   | Godkjenning av protokoll frå møte 17.03.2026                 | Rune Ziener   |
| SR 2026/14 |   | Skriv, meldingar og drøftingar                               | Rune Ziener   |
| FR 2026/15 |   | Kyrkjelydspedagogstillinga – ny organisering                 | Rune Ziener   |
| FR 2026/16 |   | 1. tertialrapport 2026 og budsjettjustering                  | Rune Ziener   |
| SR 2026/17 |   | Nytt fagutval for læring, undervisning og musikk (LUM-utval) | Rune Ziener   |
| FR 2026/18 |   | Samla sesongplan og vurdering – gravplassdrift 2026          | Rune Ziener   |

Askvoll, den 13.05.2026

Rune Ziener  
referent

## **SR 2026/12      Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre, men med merknad om at ein bør unngå å legge møta i tilknytning til ferie og høgtider.

## **SR 2026/13      Godkjenning av protokollen frå møte 17.03.2026**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 17.03.2026.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 17.03.2026.

## **SR 2026/14      Skriv, meldingar og drøftingar**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

|           |   |
|-----------|---|
| M 05/2026 | Vestland revisjon: <i>Revisjonsmelding frå uavhengig revisor (30.04.2026)</i> |
| M 06/2026 | Kyrkjegardsmuren i Holmedal. Meir utrasing                                    |
| M 07/2026 | Investeringsprosjekta 2026 – status   |
| M 08/2026 | Prinsippdrøfting om kyrkjeofringar  |
| M 09/2026 | Mogleg kyrkjelydsbasar til hausten?   |
| M 10/2026 | Prestane arbeider no med å få skipa til «Tid for tru» denne hausten.          |

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med følgjande presiseringar:  
*Til M-sak 06/2026: Askvoll sokneråd ber Askvoll kommune om ekstra løyving i revidert budsjett på kr 20.000,- for å gjere nødvendige utbetringar og sikringsarbeid på kyrkjegardsmuren i Holmedal som eit strakstiltak.*

*Til M-sak 08/2026: Ein oppmodar kyrkjelydsutvala om å prioritere nokre fleire ofringar til soknerådsføremål t.d. vedlikehald av gravplassar og kyrkjebygg når dei set fram forslag til offerlister.*

## FR 2026/15

## Kyrkjelydspedagogstillinga – ny organisering

### UTGREIING

Askvoll og Fjaler sokn har sidan 2024 arbeidd for å etablere ei samarbeidsstilling for trusopplæring/kyrkjeleg undervisning. Det er gjennomført tre utlysingar, med justeringar i stillingsmodell og samarbeidsområde undervegs, t.d utviding til å inkludere sokna i Høyanger, utan at ein har lukkast med å rekruttere til stillinga.

Kyrkjevevryene i samarbeidsområdet og prosten i Sunnfjord har, etter samråd med sine respektive råd, i møte 18. mars konkludert med at det ikkje er føremålstenleg å gå vidare med det intenderte stillingssamarbeidet, men prøve å finne fungerande alternativ når samarbeidsmodellen ikkje let seg realisere.

Som ei mellombels løysing, sidan kyrkjelydspedagogstillinga har vore vakant, har Askvoll sokn i 2025 og ut over våren 2026 hatt gode erfaringar med å legge oppgåver frå trusopplæringsplanen inn som tilleggsarbeid for kontor.

Etter lokale vurderingar og samtalar med kontor, ser det ut som at ei berekraftig og framtidsretta løysing vil kunne vere å gjere denne ordninga permanent, i og med at kontorstillinga i Askvoll ikkje er 100%.

Fjaler sokn har signalisert at dei kunne tenkje seg å kjøpe tenester frå Askvoll, som t.d. babysong, småbornssong m.v.

#### Gjeldande rammer for kontorstillinga:

Fast tilsetting i Askvoll sokn: 70%

Prosjektstilling: 10% (løper til 13.02.2028)

#### Føreslege endring:

Utviding av stillinga i Askvoll til fast 100% stilling frå 1. juni 2026.

Fram til 13.02.2028 held prosjektet på Askvollheimen fram med 10% stillingsdel.

Oppgåver innan kyrkjeleg undervisning og læring vert lagt inn i den faste stillinga av eit omfang på om lag 20% stillingsdel.

Frå 14.02.2028 stiller Askvoll sokn ein 10% stillingsdel disponibel for utleige til Fjaler sokn, når prosjektperioden knytt til Askvollheimen er over.

### **Planarbeid**

For å få best mogleg heilskap i planverket og konsistens mellom stillingsressursar og planar, bør planane for kyrkjemusikk og kyrkjeleg læring og undervisning gjennomgåast og tilpassast den nye ressursituasjonen.

### **Økonomi**

Årskostnaden for ei 20% stilling ligg på om lag kr 180.000,-, som er vesentleg under dagens tilskotsnivå (om lag kr 410.000,- i 2026) frå rettssubjektet Den norske kyrkja til arbeidet med kyrkjeleg læring og undervisning (stilling+aktivitet).

Frå 14.02.2028, betaler Fjaler for 10% stillingsdel for kjøp av tenester, noko som gir stabil inntekt. Med tanke på framtidige tilskot, er det nødvendig å gjere tiltak som sikrar permanent aktivitet på trusopplæringsområdet.

Ein 20% ressurs er mindre enn det som var tenkt inn i samarbeidsprosjektet som Askvoll sin andel, men ein bør kunne få til eit tilfredsstillende aktivitetsnivå på området, på nivå med det ein har hatt sidan 2025.

## INNSTILLING

1. Samarbeidsmodellen for felles kyrkjelydspedagog for fellesrådsområda Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Høyanger blir avvikla grunna manglande rekruttering etter tre utlysningar.
2. Kantorstillinga i Askvoll sokn blir utvida til fast 100% stilling frå 01.06.2026, og arbeidsoppgåvene blir utvida til å omfatte oppgåver innan kyrkjeleg undervisning og læring.
3. Etter utløp av prosjektperioden (13.02.2028) for musikkdiakonalt prosjekt knytt til Askvollheimen, stiller Askvoll sokn ein 10% stillingsressurs til rådvelde for Fjaler sokn.
4. Kyrkjeverja får fullmakt til å utarbeide endeleg tenestekjøpsavtale og detaljert plan for oppgåvefordeling for samarbeidet med Fjaler sokn.
5. Kyrkjeverja justerer gjeldande arbeidsavtale for kontor i samsvar med vedtakspunkta 2-4 over.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Samarbeidsmodellen for felles kyrkjelydspedagog for fellesrådsområda Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Høyanger blir avvikla grunna manglande rekruttering etter tre utlysningar.
2. Kantorstillinga i Askvoll sokn blir utvida til fast 100% stilling frå 01.06.2026, og arbeidsoppgåvene blir utvida til å omfatte oppgåver innan kyrkjeleg undervisning og læring.
3. Etter utløp av prosjektperioden (13.02.2028) for musikkdiakonalt prosjekt knytt til Askvollheimen, stiller Askvoll sokn ein 10% stillingsressurs til rådvelde for Fjaler sokn.
4. Kyrkjeverja får fullmakt til å utarbeide endeleg tenestekjøpsavtale og detaljert plan for oppgåvefordeling for samarbeidet med Fjaler sokn.
5. Kyrkjeverja justerer gjeldande arbeidsavtale for kontor i samsvar med vedtakspunkta 2-4 over.

## UTGREIING

Rekneskapstal (drift) t.o.m. april 2026 er vedlagt.

Tertialrapporten skal vise avvik mellom budsjett og rekneskap, forklare eventuelle avvik og eventuelt ha forslag til tiltak og omdisponeringar.

Denne saksutgreiinga inneheld to delar:

**Del 1: Generell rapportering på avvik**

*Funksjon 04100 Kyrkjeleg administrasjon*

Ingen særlege avvik

*Funksjon 04200 Kyrkjer*

Energi

Så langt i 2026 er det eit betydeleg meirforbruk på energi-/straumkostnader. Det er rekneskapsført kostnad kr 95.477,- så langt i år, og det utgjer om lag 2/3 av totalbudsjettet for året. Samanlikna med 2025 var kostnaden der ca. kr 60.000,- pr. første tertial.

Forklaringa på meirforbruket og differansen til 2025 her er tilstrekkeleg å vise til nettoprisen på energi. Enkelt oppsett er prisdifferansen frå 2025 til 2026 slik:

| Nettopris | JANUAR | FEBRUAR | MARS | SNITT |
|-----------|--------|---------|------|-------|
| 2025      | 0,45   | 0,42    | 0,45 | 0,44  |
| 2026      | 0,94   | 0,93    | 0,64 | 0,84  |
| DIFF      | +110 % | +123%   | +42% | +92%  |

Samanlikna med fjoråret har altså energikostnaden vore over dobbelt så høg dei første to mnd (dei kaldaste månadene) og nær dobbelt så høg heile året.

Det er lagt til grunn at meirforbruket i hovudsak skuldast prisnivå, men det vil verte gjort ei nærare vurdering av forbruket før neste rapportering.

Forsikringar

Førebels er det og eit meirforbruk på forsikringspremie på kyrkjebygg på kr 18.497,- men budsjettet er sett opp med forventa overskotsdeling i juni på om lag tilsvarande beløp.

*Funksjon 04300 Gravplassar*

Forsikringar

Her er eit meirforbruk på kr 4.372,- på forsikring av bårehus og utstyr. Ein tastefeil i opphavleg budsjett gjorde at beløpet her vart kr 500,- i staden for kr 5.000,- som var tenkt.

Serviceavtalar og reparasjonar

Her ligg ein ikkje-budsjettert utgift på kr 18.241,- for service på minilastar før sal. Denne utgiften var budsjettert i investeringsprosjektet, men dette er det ikkje høve til etter bokføringsreglene. Utgiften må finansierast over drift.

### Festeavgifter

Det er innbetalt om lag kr 650.000,- i festeavgifter pr. første tertial. Alle ordinære utløp er fakturert for heile året, men det ligg framleis ein del ikkje-betalte feste som er fakturerte. Ein vil mest sannsynleg få inn meir festeavgift enn dei kr 670.000,- som er budsjettert.

### *Funksjon 04400-04479 kyrkjelydstenester*

Ingen merknader ut over det som går fram av del 2. som gjeld trusopplæring.

### *Vurdering:*

Ein vil komme tilbake til inndekking av meirforbruk og forventta meirforbruk seinare i rekneskapsåret, når ein har meir oversikt over økonomiske forhold totalt.

Ein bør og vurdere energisparande tiltak gjennom året.

## **Del 2: Omdisponeringar som følge av evt. vedtak i sak FR 2026/15 Kyrkjelydspedagogstillinga – ny organisering**

Justeringsforslaget vert lagt fram med atterhald om at ein vel å gå for omorganisering av kyrkjelydspedagogstillinga, jfr. Sak FR 2026/15.

Det er i vedteke budsjett lagt til grunn at Askvoll sokn kunne ta på seg vertsfellesrådsfunksjonen for samarbeidsstillinga. Når stillingssamarbeidet no utgår, må ein ta ut dette frå budsjettet. Til funksjonen vert såleis berre bokført del av fellesutgifter til stillingsannonsar.

### **Justeringsforslag 04436 Trusopplæring (interkommunalt samarbeid)**

|       |  |          |
|-------|--|----------|
| 30100 | Fast løn   | -375 000 |
| 30102 | Avtalefesta tillegg kveld                        | -4 000   |
| 30103 | Tillegg  | -14 000  |
| 30504 | Telefongodtgjerdse                               | -3 000   |
| 30903 | Pensjonsinnskot – KLP                            | -72 000  |
| 30905 | Gruppeliv- og ulukkesforsikring                  | -2 000   |
| 30990 | Arbeidsgjevaravgift                              | -50 000  |
| 31400 | Annonsar, reklame, informasjon og representasjon | -20 000  |
| 31500 | Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)                 | -5 000   |
| 31600 | Skyss- og diettgodtgjersle (oppg.pl.)            | -20 000  |
| 33400 | Refusjon til fellesråd                           | 1 000    |
| 34290 | Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)    | -5 000   |
| 37290 | Kompensasjon moms påløpt i driftsrekneskapan     | 5 000    |
| 37401 | Refusjon frå fellesråd                           | 367 000  |
| 37800 | Interne overføringar                             | 197 000  |
|       | <b>SUM</b>                                       | <b>0</b> |

### Lønn- og sosiale utgifter

Det er føreslege budsjettert 20% kyrkjelydspedagogstilling på funksjon 04432 som tidlegare lønnsutgifter.

Med ein stipulert kostnad for denne deltidsstillinga i 20% i om lag eit halvt år, vil kostnaden ikkje samsvare med tilskotssummen frå rettssubjektet Den norske kyrkje, som er vesentleg høgre enn kostnaden.

Her er føreslege ein auke i avsetning til bunde fond for trusopplæring med kr 36.000,- frå budsjetterte kr 70.000,-, som ein mellombels bruk. Nye retningslinjer for tilskot til kyrkjeleg læring og undervisning seier at fellesrådet kan akkumulere inntil 50% av tilskotssummen for eit år.

Dette er ei ny bestemmelse frå 2026.

For Askvoll vil det seie maksimalt omkring kr 205.000,- i akkumulert tilskot.

Inngående balanse i 2026 på trusopplæringsfondet\* er kr 302.747,- så om ein i tillegg set av kr 106.000,- i løpet av året vil ein ligge betydeleg over det tillete maksimalbeløpet.

Ein kan gjennom året óg vurdere å bruke noko meir midlar på materiell/aktivitet, når ein er inne i et rekneskapsår med såpass låge driftutgifter i rekneskapsfunksjonen.

*\*Ikkje heile trusopplæringsfondet skriv seg frå ubrukte tilskotsmidlar. Her er og avsett ubrukte eigeninntekter (gåver/innsamla m.v.). Det ligg ikkje føre nokon samla oversikt som viser eksakt kva midlar som er avsett til fondet.*

#### Deltaking på Tru, håp og undring/HEL-konferanse

Om ein førete fast tilsetting (stillingsutviding) knytt til kyrkjeleg undervisning, kan det vere eit gunstig år med deltaking på denne konferansen i oktober. Konferansen erstattar den tidlegare store *Trosopplæringskonferansen*, som har pleidd å vere arrangert annakvart år. I 2026 bør det vere godt økonomisk handlingsrom for å sende trusopplærar dit. Total kostnad med reise og overnatting er om lag kr 14-15.000,- men ein kan få tilskot frå OU-midlar med inntil kr 5.000,- for deltaking. Dette er lagt inn i budsjettoppsttet under.

#### Andre utgifter (materiell m.v.)

Det er lagt inn i oppsettet 25.000,- ekstra til innkjøp av materiell og utstyr (t.d. konfirmantkapper) i forslaget.

#### Intern overføring til kyrkjeleg administrasjon

I og med at ein vil redusere fast ressurs til kyrkjeleg undervisning frå 30-35% stilling til fast 20%, bør det framleis vere rom for å bruke noko administrasjonsressurs til administrative oppgåver knytt til kyrkjeleg undervisning og læring og finansiere dette med tilskotsmidlar. Det kan fastsetjast eit skjønsmessig omfang. I 2025 vart det overført kr 22.000,- til administrasjon. Ein kan auke opp dette til t.d. kr 40.000,-, tilsvarande kostnaden av ein 5% stillingsressurs.

Om ein gjer dette, vil funksjon 04100 kyrkjeleg administrasjon verte styrka, og meirinntekten kan brukast til å redusere bruken av disposisjonfond og ikkje auke pengebruken på den kommunalt finansierte delen av verksemda dette året.

#### **Justeringsforslag 04432 trusopplæring (0-18 år):**

|       |                          |          |
|-------|--------------------------|----------|
| 30100 | Fast lønn                | 67 000   |
| 30102 | Avtalefesta tilegg kveld | 1 000    |
| 30103 | Tillegg                  | 3 000    |
| 30903 | Pensjonsinnskot – KLP    | 8 000    |
| 30990 | Arbeidsgjevaravgift      | 8 000    |
| 31200 | Andre utgifter           | 30 000   |
| 31500 | Kurs, opplæring          | 5 000    |
| 31550 | Reiseutgifter kurs m.v.  | 4 000    |
| 33800 | Interne overføringar     | -157 000 |
| 35500 | Avsett til bunde fond    | 36 000   |
| 38700 | Tilskot, gåver frå andre | -5000    |
|       | <b>SUM</b>               | <b>0</b> |

**Implikasjonar andre rekneskapsfunksjonar:**

|                 |                      |          |
|-----------------|----------------------|----------|
| 37800.200.04100 | Interne overføringar | -40 000  |
| 39400.200.08900 | Bruk av ubunde fond  | 40 000   |
|                 | <b>SUM</b>           | <b>0</b> |

**INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek budsjettavvika i del 1 til orientering no, men kjem tilbake til budsjettinndekking seinare i rekneskapsåret. Energisparande tiltak vil verte vurdert.
2. Askvoll sokneråd vedtek budsjettendringar i driftsbudsjettet 2026 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja i del 2 i utgreiinga.

**SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek budsjettavvika i del 1 til orientering no, men kjem tilbake til budsjettinndekking seinare i rekneskapsåret. Energisparande tiltak vil verte vurdert.
2. Askvoll sokneråd vedtek budsjettendringar i driftsbudsjettet 2026 som dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja i del 2 i utgreiinga.

# SR 2026/17      Nytt fagutval for læring, undervisning og musikk (LUM-utval)

1. Samanslåing av kyrkjelydens fagutval
2. Reglementsendingar
3. Oppnemning av medlemmer

## **1. Samanslåing av kyrkjelydens fagutval**

Askvoll sokn har til no hatt to separate fagutval: eitt trusopplæringsutval (med ansvarsområdet kyrkjeleg læring og undervisning) og eitt for kyrkjemusikk. Kyrkjemusikkutvalet er relativt nyoppretta (etablert i 2024), mens trusopplæringsutvalet har vore inaktivt siste åra.

Den norske kyrkja si *Helhetlige menighetsplan* legg opp til heilskapleg planlegging av menighetslivet, der undervisning, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege område blir sett i samanheng. Dette styrkar behovet for eit felles utval som kan arbeide strategisk på tvers av fag.

Vidare vil ei ny organisering der same tilsette har ansvar for begge fagområde, er det både naturleg og nødvendig å vurdere utvalsstrukturen på nytt.

Når den samme personen har ansvaret for begge fagfelta, fører to separate utval til dobbelt møteverksemd og meir administrasjon. Eitt felles utval gir betre samordning, meir effektiv ressursbruk og fagleg heilskap.

Eit felles utval støttar heilskapleg målutvikling, betre prioriteringar og meir koordinert bruk av ressursar. Det styrkar også soknerådet si strategiske rolle.

Samling av utvala til eitt felles utval er i tråd med nasjonale føringar, lokal organisering og behov for effektivisering. Det gir betre samanheng, betre fagleg støtte og meir framtidretta struktur.

## **2. Reglementsendingar**

Reglementsforslaget nedanfor er i stor grad ei vidareføring av gjeldande reglement for dei separate utvala, men med nokre få tilpassingar m.o.t. samansetjing (t.d. tal utvalsmedlemmer). Vidare tek formålsparagrafen opp i seg perspektivet heilskapleg kyrkjelydstenking – i tråd med føresetnader i sentralt planverk (jfr. Kyrkjemøtesak KM 12/21).

Forslag til reglement (blå tekst er vidareføringar av gjeldande reglement, men omfattar også nokre redaksjonelle endringar og tilpassingar og grønn tekst er saklege endringar i forhold til vedtekne reglement):

## **Reglement for utval for læring, undervisning og musikk (LUM-utvalet)**

*Vedteke av Askvoll sokneråd dd.mm.åååå*

### **§ 1 Formål**

**1.1 Utvalet skal ha særleg merksemd retta mot arbeidet med kyrkjeleg læring og undervisning og kyrkjemusikk i soknet, og bidra til å styrke det samla kyrkjelydslivet.**

1.2 Utvalet skal sjå til at lokale planar for kyrkjeleg læring og undervisning og kyrkjemusikk vert utarbeidde, evaluerte minst éin gong per valperiode og vidareutvikla i tråd med soknerådet sine prioriteringar.

1.3 Arbeidet i utvalet skal vere forankra i Den norske kyrkja si Helhetlige menighetsplan, der målet er heilskapleg planlegging og samanheng mellom kyrkjelyden sine ulike verksemdsområde.

1.4 Utvalet skal bidra med vurderingar, innspel og evalueringar som kan nyttast i soknet sitt overordna planarbeid.

## **§ 2 Val og samansetjing**

2.1 Askvoll sokneråd er representert i utvalet med minst to medlemmer.

2.2 I tillegg skal utvalet bestå av minst tre andre medlemmar, oppnemnde av soknerådet. Ved oppnemning skal det leggjast vekt på geografisk breidde i soknet, variasjon i alder og relevant kompetanse.

2.3 Den tilsette fagpersonen med ansvar for kyrkjeleg læring, undervisning og kyrkjemusikk deltek fast i utvalet.

## **§ 3 Funksjonstid**

3.1 Utvalet si funksjonstid følgjer soknerådsperioden.

## **§ 4 Konstituering**

4.1 Utvalet konstituerer seg sjølv. Det skal veljast leiar og nestleiar for eitt år om gongen.

4.2 Den tilsette fagpersonen er fast sekretær for utvalet.

## **§ 5 Oppgåver og mandat**

5.1 Evaluere og vidareutvikle lokale planar for kyrkjeleg læring og undervisning og kyrkjemusikk.

5.2 Sjå til at tiltak i vedteken plan vert gjennomførte.

5.3 Vere ei ressurs- og referansegruppe for fagpersonen i stillinga.

5.4 Bidra til heilskap og samanheng i kyrkjelydsarbeidet i tråd med *Helhetlig menighetsplan*.

5.5 Sikre god lokal forankring av aktivitetar i heile soknet.

## **§ 6 Arbeidsform**

6.1 Utvalsleiar kallar inn til møte. Det skal haldast minimum to møte per halvår.

6.2 Det skal førast referat frå møta. Referata skal sendast soknerådet.

## **§ 7 Vedtak og endring av reglement**

### 7.1 Soknerådet har vedtaksmynde ved fastsetting og endring av reglementet.

### **3. Oppnemning av medlemmer**

Sitjande medlemmer i kyrkjemusikkutvalet og tidlegare medlemmer i trusopplæringsutvalet er spurde om dei kan tenkje seg å vere med i eit slikt nyoppretta utval. Alle medlemmene i kyrkjemusikkutvalet vert med vidare, men det har vore vanskeleg å få medlemmer frå det tidlegare trusopplæringsutvalet.

Andre personar er spurde i tillegg, og ein har prøvd å sikre geografisk spreining, utan å komme i mål med det. I innstillingspunkt 3 a nedanfor er lista opp aktuelle medlemmer som kan oppnemnast.

Dette er færre medlemmer enn reglementet seier, så utvalet må kompletterast til tilstrekkeleg tal medlemmer snarast råd.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd gjer slik endring i utvalsstrukturen: Kyrkjemusikkutvalet og trusopplæringsutvalet vert slegne saman til eit felles utval for læring, undervisning og musikk (LUM-utvalet).

2. Reglement for utvalet, slik det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, erstattar tidlegare reglement, og trer i kraft frå vedtaksdato.

3. a) For resterande tid av soknerådsperioden vert utvalet sett saman av medlemmene:

- Oddgunn K Grane
- Silje Furnes Solheim
- Rune Ziener
- Ragnhild Stav

Fast sekretær: Sabina Baylarbayova

b) Utvalet vert supplert med ytterlegare minst eitt medlem snarast råd. Administrasjonen har fullmakt til slik suppleringsoppnemning.

## **JUSTERT INNSTILLING LAGT FRAM I MØTET**

Endra pkt. 3: Tilføyde namn:

- Vlada Tsytsyurska
- Michalina Sroga

Pkt. 3b utgår

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd gjer slik endring i utvalsstrukturen: Kyrkjemusikkutvalet og trusopplæringsutvalet vert slegne saman til eit felles utval for læring, undervisning og musikk (LUM-utvalet).

2. Reglement for utvalet, slik det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, erstattar tidlegare reglement, og trer i kraft frå vedtaksdato.

3. For resterande tid av soknerådsperioden vert utvalet sett saman av medlemmene:

- Oddgunn K Grane
  - Silje Furnes Solheim
  - Rune Ziener
  - Ragnhild Stav
  - Vlada Tsytsyurska
  - Michalina Sroga
- Fast sekretær: Sabina Baylarbayova

# FR 2026/18 Samla sesongplan og vurdering – gravplassdrift 2026

## UTGREIING

### 1. Innleiing og formål

Med utgangspunkt i redusert driftsramme til gravplassvedlikehald frå sesongen 2026 er det nødvendig å legge fram ein gjennomtenkt plan for å ivareta vedlikehaldsbehovet på ein best mogleg måte gjennom sesongen.

I budsjettvedtaket for 2026 vart det beslutta at 50%-stillinga som kyrkjegardsarbeidar skulle verte ståande vakant, og det er lagt inn ein reduksjon også på lønnsmidlar til sesongarbeidarar. Tilgjengelege ressursar pr. i dag er delar av kombinertstilling som kyrkjetenar/gravplassarbeidar i Askvoll/Holmedal og lønnsmidlar kr 100.000,- inkl. sosiale utgifter til sesongarbeidarar.

Estimert timekostnad for sesongarbeidar er kr 342,- pr. time, og det tilseier om lag 292 timar for sesongen totalt. Fordelt på 18 veker gir det om lag 2 arbeidsdagar pr. veke.

Dette dokumentet gir ei samla framstilling av sesongplan, timefordeling og faglege vurderingar for drift og vedlikehald av gravplassane i perioden vekene 21-38. Planen skal sikre forutsigbar drift, effektiv ressursbruk og tilfredsstillande standard innanfor gjeldande økonomiske og personalmessige rammer.

### 2. Rammer og føresetnader

- Planperioden omfattar veke 21–38 (18 veker), altså perioden 18. mai til 20. september.
- Arbeidet er basert på disponibel stillingsressurs og vedteke budsjett.
- Planen er eit strukturoppsett og kan justerast ved vêr, vekst og gravferdsaktivitet

### Arealfordeling

| Gravplass    | Ca-areal     | Arealandel % |    |
|--------------|--------------|--------------|----|
| Bulandet     | 1400         | 5            | 41 |
| Vilnes       | 2600         | 9            |    |
| Værlandet    | 1840         | 7            |    |
| Gjelsvik     | 2500         | 9            |    |
| Stongfjorden | 2100         | 8            |    |
| Vågane       | 900          | 3            |    |
| Askvoll      | 10000        | 36           | 59 |
| Holmedal     | 6100         | 22           |    |
| <i>SUM</i>   | <i>27440</i> | <i>100</i>   |    |

### 3. Særskilt vurdering – Askvoll og Holmedal

Askvoll og Holmedal kyrkjegardar er vurderte som eit eige punkt, då desse høyrer til ei separat og fast stilling og har ein annan driftslogikk enn dei øvrige gravplassane.

Med fråtrekk av planlagte kyrkjelege arrangement i perioden, gjennomsnittleg tal gravferder og tid til vask av kyrkjekontoret står ein att med om lag 7,8 timar per veke for desse to kyrkjegardane

samla. Det er budsjettert med ferievikarmidlar tilsvarande 1 dag pr. veke i 5 veker for gravplassarbeid i stillinga. Askvoll har robotklippar, og manuelt arbeid er i hovudsak avgrensa til kantklipp og tilsyn, utført i færre, men lengre økter. Holmedal krev meir manuelt arbeid, men vert likevel ivareteken innanfor ei avgrensa ramme.

Det låge timetalet kan forsvarast i ein totalmodell når ein tek omsyn til driftsform, tekniske løysingar og samla ressursbruk. Mindre justeringar kan gjerast administrativt ved behov.

#### 4. Øvrige gravplassar

| Timefordeling øvrige gravplassar etter areal |               |              |               |
|--|---------------|--------------|---------------|
| Gravplass                                    | Areal         | Arealandel % | Timefordeling |
| Bulandet                                     | 1 400         | 12           | 36            |
| Vilnes                                       | 2 600         | 23           | 67            |
| Værlandet                                    | 1 840         | 16           | 47            |
| Gjelsvik                                     | 2 500         | 22           | 64            |
| Stongfjorden                                 | 2 100         | 19           | 54            |
| Vågane                                       | 900           | 8            | 23            |
| <i>SUM</i>                                   | <i>11 340</i> | <i>100</i>   | <i>292</i>    |

#### Sesongplan fordelt på veker

| Vekenr        | BULANDET  | VILNES      | VÆRLAN    | GJELSVIK    | STONGFJ     | VÅGANE      | ALLE       |
|---------------|-----------|-------------|-----------|-------------|-------------|-------------|------------|
| 21            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 22            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| 23            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 24            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| 25            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 26            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| 27            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 28            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| 29            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 30            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| 31            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 32            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| 33            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 34            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| 35            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 36            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| 37            | 4         | 7,5         |           |             | 5,5         | 2,5         |            |
| 38            |           |             | 5         | 7,5         |             |             |            |
| <i>SUM</i>    | <i>36</i> | <i>67,5</i> | <i>45</i> | <i>67,5</i> | <i>49,5</i> | <i>22,5</i> | <i>288</i> |
| <i>SML</i>    |           |             |           |             |             |             |            |
| <i>MÅLTAL</i> | <i>36</i> | <i>67</i>   | <i>47</i> | <i>64</i>   | <i>54</i>   | <i>23</i>   | <i>291</i> |
| <i>DIFF</i>   | <i>0</i>  | <i>-0,5</i> | <i>2</i>  | <i>-3,5</i> | <i>4,5</i>  | <i>0,5</i>  | <i>3</i>   |

Dette er eit strukturoppsett. Avvik frå planen vil vere nødvendig ut frå verforhold, gravferder og andre hendingar som ikkje let seg planleggje fullt ut på førehand. Det er vidare viktig at timetalet for Gjelsvik, Stongfjorden og Vågane vert sett under eitt, då desse gravplassane i praksis utgjer ei felles driftsgruppe. Variasjonar frå normen mellom desse vil difor vere fagleg grunngeve uttan at den samla ressursbruken vert endra.

## 5. Dugnadsarbeid

Med bakgrunn i redusert driftsramme for gravplassvedlikehald frå og med sesongen 2026 vert det vurdert som nødvendig å supplere ordinær drift med frivillig innsats der dette er forsvarleg.

Dugnadsarbeid kan vere eit nyttig supplement til den planlagde drifta, særleg for enklare oppgåver som rydding, lusing, reinhald og tilsyn. Dette kan bidra til å halde ein akseptabel standard på gravplassane, samstundes som dei avgrensa driftsressursane vert nytta der dei er mest nødvendige.

Dugnadsarbeid er ikkje meint å erstatte ordinært ansvar, men fungere som eit frivillig tillegg. Askvoll sokneråd oppmodar difor kyrkjelydsutvala til å vurdere og eventuelt leggje til rette for dugnad på gravplassane i sesongen.

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd stiller seg bak sesongplan for gravplassdrift slik den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å føreta tilsettingar av sesongarbeidarar og gjere vurderingar ut frå personelltilgang og økonomiske rammer.
3. Askvoll sokneråd, ved leiar, oppmodar kyrkjelydsutvala til å leggje til rette for og organisere dugnadsarbeid på gravplassane i sesongen, som eit supplement til ordinær drift og som eit bidrag til å avhjelpe den pressa ressursituasjonen.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd stiller seg bak sesongplan for gravplassdrift slik den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å føreta tilsettingar av sesongarbeidarar og gjere vurderingar ut frå personelltilgang og økonomiske rammer.
3. Askvoll sokneråd, ved leiar, oppmodar kyrkjelydsutvala til å leggje til rette for og organisere dugnadsarbeid på gravplassane i sesongen, som eit supplement til ordinær drift og som eit bidrag til å avhjelpe den pressa ressursituasjonen.